

Årsmelding Austrheim Indremisjon 2022

Møter på huset

Me har hatt 16 søndagsmøter på bedehuset i 2022

Talarar har vore:

Odd Sverre Hove (4)
Reidun Skurtveit. (2)
Christian Skoge (2)
Jan Rantrud. (2)
Asle Hetlebakke
Ole Corneliussen
Vegard Hetlebakke
Ole Jørgen Storsæter
Arnfinn Norheim
Olav Andre Soltveit

Bønesamlingar

Det har vore bønesamlingar ca. kvar 14 dag hausten 2022. Her har vore frammøte på 2-3 stk.

Bedehusdagen

Me hadde bedehusdagen 5.november i 2022. Lars Arne Markhus hadde andakt. Det var litt mindre folk denne gongen enn det har vore tidlegare år.

Pga. coronasituasjonen hadde me ikkje bedehusdag i 2021, men me hadde trekning av gevinster i 29.januar 2022.

Juleselskap

27.desember hadde me juleselskap på bedehuset. Ordførar, Per Lerøy var invitert som gjest og hadde «sofaprat» med Grethe Monslaup om m.a jul i sin barndom. Simon Emil Vaage underheldt med pianostykker. Me hadde elles «korgefest», opplesing frå bibelen og julesongar. Det kom lite folk på dette arrangementet.

Styret i Austrheim Indremisjon 2022 har vore :

Ronny Andvik	Leiar/post/heimeside/vaskeliste/møteplan
Kenneth Monslaup	Kasserar/annonsering/innkjøp
Grethe Andvik	Skrivar
Ole Skoge	Styremedlem
Herdis Gjerde	Styremedlem/utleigekontakt
Grethe Monslaup	1.vara
Inger Aasen	2.vara

Vi har hatt to styremøter i 2022 med 8 behandla saker. Vi har og ei messenger gruppe for styret slik at vi kan samtale om enklare saker som ikkje krev grundig gjennomgang.

VING 2022

Våren 22 var 19 born innoM VING. Nokre var berre ein gong, andre kom meir fast. I hausthalvåret har me notert 17 born. Sonita Eriksen og Emma Mayer Eide var med som hjelpeleiarar på våren og Maria Wilhelmsen på hausten.

I løpet av heile 2022 hadde me 16 samlingar. Me hadde Awana-andakt og hobbyaktivitet. Leiarar har vore Grethe MonslauP og Grethe Andvik.

Kjellaren, XL og X

Yngreslaget Kjellaren hadde 24 samlingar i 2022. På våren var det samlingar annankvar torsdag, men dette vart endra til kvar veke etter sommaren. Laget har brukt opplegget til Awana som basis for andaktane. Andre viktige faste postar på programmet har vore måltid og leik. Som ny aktivitet på hausten vart det starta med kiosksal av eit begrensa utval av snop. Oppmøte låg på 6-7 ungdommar på våren, og etter sommaren til ca 12-13 ungdommar. Totalt har 26 undommar vore innoM laget i 2022. Leiarar: Kenneth MonslauP, Grethe MonslauP, Grethe Andvik (mat), Kristian Skoge, Malene Hope, Karine MonslauP.

Ungdomslaget XL og Bibelgruppa X hadde nokre samlingar på våren i 2022, der det møtte 2-4 deltakarar. På hausten vart dei to laga avslutta, då dei fleste deltakarane flytta frå kommunen. Leiarar: Kenneth MonslauP, Ronny Andvik, Grethe Andvik (kasserar).

Facebook og heimeside

Austrheim Indremisjon har Facebookside og Heimeside. Her vert info og program om det som skjer på bedehuset lagt ut. Facebooksida har svært god kontaktflate ut til facebook-brukarar og AI har på denne måten blitt meir synlig i bygda. Grethe Andvik og Grethe MonslauP er administratorar for facebook.

Vi har også heimesida "austrheimindremisjon.no". Ansvarlig er Ronny Andvik.

Fadderbarn

Austrheim Indremisjon har ansvar for eit Fadderbarn, ein 11 år gammel gutt som heiter Vasile, frå ein landsby i Moldova. Prosjektet går gjennom Misjon Uten Grenser og dette koster 300 kr/mnd.

Års bedehus

Kari Hatlevik har vore kasserar for Års bedehus.

Vedlikehald: Det har vore vask av nordveggen/inngangsparti i tillegg til normalt ettersyn av huset.

Utleige: Huset var utleid til konfirmasjon i mai og eit julebesøk i desember.